

# Øy Nytt

## Kyrkjeblad for Øygarden



I dette nummeret kan du m.a. lesa:

Rehabilitering av Hjelme gamle kyrkje .....	side 4
Helsing frå Lars Arne Vik .....	side 8
Teamet takkar for seg .....	side 8
Barneveka på Nautnes .....	side 9
Misjonærinnviinga av Jan og Elisabeth Sanden .....	side 12



# Kyrkjeleg Vestavind!

I Skottland hadde frie norske styrkar oppretta ein skvadron med Catalina flybåtar i 1942. På eit av tokta til norskekysten var diktaren og journalisten Nordahl Grieg med. Om dette oppdraget skriv han i stykket: "Med nordmenn over Norge". Arnfinn Haga skriv og om dette i "Vi fløy Catalina".

Grieg fortel om ei hending frå turen der det norske flagget vert halde opp slik ein ser det frå bakken. Det norske krossmerkte flagget vart halde opp som ei helsing frå fridomen og kongen i England og gav på det viset folk som såg det håp om redning frå åket. Truleg var det Grieg sjølv som gjorde dette.

På dagen for Unionsoppløysinga frå Sverige 1905 og Kong Haakon VII sin retur til Noreg 1945, den 7. juni tek Øygarden prestegjeld offisielt internettdomenet kyrkja.net i bruk, medan vi og held opp det norske flagget og Grieg sin kommentar frå flytoktet til Noreg:

"Aldri har jeg sett noe skjønnere enn dette ...flagget..."

Vi vonar og dei nye internettsidene kan vera eit "flagg" for Noreg, Den norske kyrkja og Øygarden prestegjeld som viser til Han som er "eit samlingsmerke

for folka,...og reiser ei fane for dei,...(Jes.11,10+12)

Han som vart lyft "opp som ormen i øydemarka, så kvar den som trur på han, skal ha evig liv."(Joh.3,14-15)  
Jesus Kristus, Menneskesonen. Ein av oss, men og vår Frelsar og Herre.

På Internett "flaggar" vi kyrkjeleg Vestavind og logoen vår som merkevare.

Elles vil du finna mykje informasjonsstoff om gudstenester, kyrkjelege handlingar, instutusjonsteneste, kyrkjer og kyrkjegardar, korleis du kjem i kontakt med oss, kven vi er som har tillitsverv, og som arbeider i prestegjeldet, det friviljuge kristne arbeidet og misjon, og stoff til lærdom og inspirasjon.

Då seier eg til sist:  
Velkomne til kyrkja på nett!

<http://www.kyrkja.net>

*Svenn Martinsen*  
[sokneprest@kyrkja.net](mailto:sokneprest@kyrkja.net)



## MIN SALME

*Ingvard Svellingen (70)  
er gift med Gunni og  
bur på Hellesøy.*

Når eg fekk spørsmål om ein song/salme til Øynytt, tenkte eg på mange songar som eg er veldig glad i. Men når det no er spørsmål om ein, vil eg ta fram nr. 288 i sangboken: Takk at du tok mine byrder, av Trygve Bjerkeheim. Tenk at Han tok alle våre byrder på seg, og Han bar mine og dine synder! Og til slutt i det siste verset: So vil ved korset eg standa. Dette er gode og rike ord som me kan få ta med oss. Denne songen syng eg mykje, og me har ein stor songskatt å ta av. Og spesielt Trygve Bjerkeheim har mange gode songar som han har gitt oss. Må Gud hjelpe oss og ta til oss av desse songskattane som me har i songboka. Lukke til.

*Takk at du tok mine byrder, eit høgfjell  
av skuld og av skam.  
Du bar det på skuldrene dine, du  
skuldlause sonoffer-lam.*

*Takk at du bar mine synder, betalte mi  
skyhøge skuld  
med blod frå ditt fullkomne hjarta og  
ikkje med sylv eller gull.*

*Så vil ved korset eg standa, med undring  
eg ser: Eg er fri!  
Eg skal ikkje døy, eg skal leva med Jesus  
til æveleg tid!*

Eg utfordrar Johan Berland til å skrive om Min Salme i neste Øynytt.



## Den norske kyrkja i Øygarden

### Øynytt – kyrkjeblad for Øygarden

Utgjevar: Blomvåg og Hjelme kyrkjelydar  
Redaktør: Odd N. Thormodsæter  
Kontingent: Min. kr 100,- pr. år innan kommunen  
Min. kr 150,- pr. år utanom kommunen  
Takkeansonsar: kr 100,-  
Kontonr.: 3628 07 02557  
Layout/trykk: Grafisk Team AS  
Distribusjon: Hurtiglevering, Tjeldstø  
tlf. 98 66 53 29

### Kyrjekontoret:

Vitjingsadresse: Helse- og tenesteseneter, Rong  
Postadresse: Boks 144, 5331 Rong  
Telefon: 56 38 22 40  
Faks: 56 38 22 41  
Vakttelefon: 56 38 22 44  
E-post: [kontor@kyrkja.net](mailto:kontor@kyrkja.net)  
Internettider: kyrkja.net  
Opningstid: måndag – fredag 0900 – 1500

### Tilsette:

**Kontorsekretær** Kari Sandøy Rong  
e-post: [kontor@kyrkja.net](mailto:kontor@kyrkja.net)  
tlf. 56 38 22 40

**Kyrkjelydspegagog** Synnøve Sandøy Voldsund  
e-post: [kyrkjelydspegagog@kyrkja.net](mailto:kyrkjelydspegagog@kyrkja.net)  
tlf. 56 38 22 47

**Kantor** Anne Lise Grøm  
e-post: [kantor@kyrkja.net](mailto:kantor@kyrkja.net)  
tlf. 56 38 80 30

**Sokneprest** Svenn Martinsen  
e-post: [sokneprest@kyrkja.net](mailto:sokneprest@kyrkja.net)  
tlf. 56 38 22 44

**Kyrkjeverje** Odd N. Thormodsæter  
e-post: [kyrkjeverje@kyrkja.net](mailto:kyrkjeverje@kyrkja.net)  
tlf. 56 38 22 43

### Kyrkjene:

**Blomvåg kyrkje** tlf. 56 38 70 22  
e-post: [blomvag.kyrkje@kyrkja.net](mailto:blomvag.kyrkje@kyrkja.net)  
Kyrkjetenar/gravar: Kåre Kristoffersen  
Mobil 97 72 72 21  
Klokkar: Ole Vik

**Hjelme kyrkje** tlf. 56 38 80 30  
e-post: [hjelme.kyrkje@kyrkja.net](mailto:hjelme.kyrkje@kyrkja.net)  
Kyrkjetenar/gravar: Kari B. Solheimslid  
Mobil 9772 74 57  
Klokkar: Ingebjørg Sæle

### Råda:

Blomvåg sokneråd: Leiar: Kjellaug Solsvik  
Hjelme sokneråd: Leiar: Frank Skjold  
Øygarden  
kyrkjelege fellestråd: Leiar: Gustav Landro

**Frist for stoff til  
nr. 4/05 er 17. august  
nr. 5/05 er 14. oktober  
nr. 6/05 er 24. november**



**SparebankenVest**  
- satser på Vestlandet

## Permanent

- **makeup**
- **eyeliner**
- **øyenbryn**
- **lipliner**

Ring for nærmere informasjon



**Gode resultater** med formulations\*  
**på OPPSTRAMMING** **DECLÉOR**  
**OG SLANKING** med Utratone  
og Ultradietten  
(Kveldsåpent e/avtale)

Gratis prøvetime

**ØYGARDEN HUD & KROPPSPLEIE**  
Rong Senter • Tlf. 56 38 95 15

Vår lærling nærmer seg fagprøve.  
Hun tar all behandling til redusert priser!  
Timebestilling 56 38 73 90

**ANITA KMS**  
**HALONGEN**

## Tilbud i juni

**KLEOPATRA**  
Gave & Interiør

Speil og veggbord i  
bjørk før kr. 2.490,-  
Nå kr. **1.490,-**

Mand-fred 10-18 Tlf. 56 38 86 00  
Lørd 10-16 Fax 56 38 85 99

**Mange fine  
gaveartikler**

Vi tilbyr ferdige middagsretter  
og nysteikte bakerverer

**TH HELLESØY**

TLF.: 56 35 71 40 • 5331 RONG

**RONGEBUA**

Stor jernvare- og interiøravdeling

DALEKLETEN  
5337 RONG  
TLF.: 56 38 87 32  
FAKS: 56 38 87 32  
MOBIL: 91 16 83 75

TORSVIK MUR  
VIDAR VIK TORSVIK  
MURMESTER

Alt i mur-, puss- og flisarbeid



-fagkunnskap gir trygghet.

Catering - Snitter/koldtbord + Varm mat



Telefon 56 38 74 54 Rong Senter, Boks 13, 5331 Rong

## Bli brun selv om det regner

Ønsker du å leie sol hjem?  
Ring B-P-S Solutleie. Vi kan tilby 12--rørs solhimmel  
eller 20-rørs solseng med god kvalitet fritt levert  
Sotra og Øygarden  
Tlf 56 38 74 54 (dag), 56 38 73 22 (kveld) eller 91 85 62 58.

**BPS** Solutleie v/Arvid Rong  
56 38 74 54 / 56 38 73 22



**TORSVIK**

**ELEKTRISKE AS**  
Torsteinsvik - 5337 RONG

acronisster elinstallasjon  
Installasjon industri, bolig  
Data- og telenett  
Alarmanlegg  
Antenne/parabolanlegg  
Elektroverksted  
Elektrisk forretning

Tlf. 56 38 50 00


Vakttelefon 922 34 062

www.torsteinsvik.no

**Øygarden**  
elektriske as  
aut. elektroinstallatør

Tlf. 56 38 94 24  
Mobil: 928 41 790

E-mail: post@oygarden-elektriske.no




**Harkestad  
Betong AS**

Utsalg på Straume  
Tlf. 56 33 00 70

**Betong og betongprodukter**

Tlf. 56 38 25 00 - Fax 56 38 25 01  
5336 TJELDSTØ



**Malvin  
Harkestad  
& Sønner AS**

Alt i grunn- og betongarbeid

Tlf. 56 38 25 00 - Fax 56 38 25 01  
5336 TJELDSTØ



# Rett fokus!

Av Gisle Kårbø Rong

No er det rett nok nokre år sidan sist eg leverte Norsk stil, men på mange måtar så gjentek historia seg. Siste kvelden før innleverings fristen, og eg sit meg ned for å forsøka å komponera ei andakt. Febrilsk blading i Nytestamentet. Ser etter bibelvers eg har streka under, for mellom desse må det vel vera nokre gullkorn! Eg kan jo skrive noko om tvil, og tru, og..... Dumpar over Lukas 20.45, les raskt gjennom versa og funderar litt over kven som er dagens "skriftlærde". Har dei kristendom grunnfag frå Norsk Lærarakademi, eller enkelt og greitt den vanlege, faste kyrkjegjengaren?

Kona mi kjem inn og lurar på kva eg skal skrive om. Har eg funne eit bibelvers? Panikken kjem krypende. Kanskje ho tykkjer det eg skal skrive er dumt, og dersom ho tykkjer det – kva vil då alle andre meine? "Du skal få lese alt då eg er ferdig", er mitt raske svar. Med eitt slår det meg ".... og sit gjerne i timevis og skriv andakt for Øynytt .... for syns skuld".

Så fekk eg meg ein vekkjar i dag og. I min iver etter å skriva ei god andakt, så har eg ikkje fokus på den eg skal skriva om men på den som skriv.

Paulus skriv noko i brevet til Romarane, som har vore til trøyst og hjelp for meg mange gonger.



"MEDAN HEILE FOLKEMENGDDA HØYRDE PÅ, SA HAN TIL LÆRESVEINANE: AKTA DYKK FOR DEI SKRIFTLÆRDE! DEI VIL GJERNE GÅ IKRING I SIDE KAPPER OG LIKAR AT FOLK HELSAR PÅ DEI PÅ TORGET. DEI ELSKAR Å SITJA FREMST I SYNAGOGENE OG HA HEIDERSPLASSANE I GJESTEBOD. DEI SLÅR UNDER SEG HUSA ÅT ENKJER OG HELD LANGE BØNER FOR SYN SKULD. DEI SKAL FÅ SÅ MYKJE HARDARE DOM".  
LUKAS 20.45 FF

"For eg veit at i meg, det vil seia slik eg er i meg sjølv, bur det ikkje noko godt. Viljen har eg, men å gjera det gode maktar eg ikkje. Det gode som eg vil, gjer eg ikkje, men det vonde som eg ikkje vil, det gjer eg. Men gjer eg det eg ikkje vil, då er det ikkje eg som gjer det, men synda som bur i meg. Så finn eg då at denne lova gjeld for meg: Eg vil gjera det gode, men kan ikkje anna enn å gjera det vonde. Mitt indre menneske seier med glede ja til Guds lov. Men i lemmene mine merkar eg ei anna lov. Ho ligg i strid med lova i hugen min og gjer meg til ein fange under syndelova, som verkar i lemmene. Eg arme menneske! Kven kan fria meg frå denne dødens lekam? Gud vere takk, ved Jesus Kristus, vår herre!"

Romarane 7.18 ff

Så er det då likevel von for ein syndar. Kvifor? Gud vere takk, ved Jesus Kristus, vår Herre!

## Gåver til rehabilitering av Hjelme gamle kyrkje

Vi kan i dette nummeret med glede opplysa at vi no har fått inn midlar på til saman kr 200.000,- til rehabilitering av Hjelme gamle kyrkje. Statoil på Kollsnes og Hydro på Stura har gjeve 50.000 kvar og Sparebanken Vest har ytt heile 100.000 til dette arbeidet.

Kommunen si leiing er villig til å sjå på restfinansieringa slik

at arbeidet utvendig på kyrkja kan koma i gang alt dette året.

Fellesrådet såg seg nøydd til å stengja kyrkja sist haust grunna manglande vedlikehald. No ser det ut til at vi frå sommarsesongen 2006 kan få opna kyrkja att. Fleire frivillige har meldt si interesse for å gjera dugnad slik at kyrkja igjen kan verta ei kulturkyrkje for Øygarden.



Ottar Vik i Sparebanken Vest saman med historikaren vår, Egil Sæle og leiar i Hjelme sokneråd, Frank Skjold under overrekkinga av gåva på 100.000 kr utanfor Hjelme gamle kyrkje.

(Foto: Karstein Sæverås, VestNytt)



Under julelunsjen på Stura fekk vi overrekt ein sjekk på 50.000 kr frå Hydro. I midten teminalsjef Geir Gundersen.

# Onsdagsklubben i Oen



Det er onsdag og klokka nærmar seg halv seks; tid for onsdagsklubben i Oen bedehus. 20 ungar i alderen 4 til 12 år er samla, klare for det som skal skje... Først er det song og andakt. Dei syng av full hals: "Jesus er vår venn!" Etter andakten er det tid for aktivitet. Dei samlar seg rundt borda og Evelyn forklarar kva dei skal lage. Alle er konsentrert og ivrige i det dei set i gong.

**Eg snakka litt med Caroline og Laura:**

*Kva lagar de her?*

Litt av kvart. Bilder og forskjellig...

*Kva er kjekkast på onsdagsklubben?*

Å lage ting.

*Er det kjekt her?*

Ja, men ikkje så veldig i dag, for eg har trekt ei tann...

*Kva er det finaste du har laga her?*

Julegåvene; ramme, lykter og gelelyys.

Til slutt serverer Klara deilige lappar og saft.

Når klokka blir sju avsluttar alle i ring medan ein ber Fadervår saman. Takk for i dag!




Caroline

Laura

## ØyNytt-rosa

I dette nummeret ynskjer me å heidre **Anne Lise Grøm** med Øynytt-rosa for det trufaste korarbeidet ho har drive i mange år,- både med Øygardskoret og Barnekantoret! I tillegg har me opplevd mange flotte konsertar! Tusen takk!!!



### Vidareføring av avtalen om team/ barnearbeidar

I eit fellesmøte mellom sokneråda og stab var det semje om å tilrå for Fellesrådet at ordninga med barnearbeidar frå Indremisjonen og team frå Misjonssambandet må halda fram.

Fellesrådet har i eit seinare møte forlenga avtalen til og med skuleåret 2007/08.

### Kyrkjelydsprest - Kyrkjelydspedagog

I permisjonstida til kyrkjelydsprest Lars Arne Vik har vi nytta kyrkjelydspedagog for å utføra fleire av tenestene. Frå 1. august er Synnøve Sandøy Voldsund tilsett som kyrkjelydspedagog i fast stilling. Samstundes vil ho gå ut i fødselspermisjon. Vikar for henne i denne tida vert adjunkt Anne Mette Risøy. Vi ønskjer henne velkommen i arbeidsfellesskapet!

### Permisjonssøknad frå kontor

Anne Lise Grøm har søkt om eitt års permisjon frå stillinga. Ho har vore tilsett som kontor i Øygarden sidan 1990, dvs. samanhengande i 15 år.

I møtet 26. mai vedtok fellesrådet å gi henne permisjon skuleåret 2005/06.

Tilsetjing av vikar vonar vi å få til før sommarferien.

### Sjømannskirken/Norsk kirke i utlandet

har laga ein hendig foldar som viser adresser til alle stader "kjerka" finst rundt om i verda.

Skal du ut å reisa i sommar, er det meiningsfullt å vitja sjømannskyrkja dersom ho finst der du har tenkt deg. Sjømannskyrkja reknar seg som den lokale kyrkja sin forlenga arm. I tillegg får du del i eit godt sosialt fellesskap med kaffi og vafler og norske aviser.

**Oppfordringa er: Ikkje kjør forbi ei sjømannskyrkje om du gjer det i ferien. Kjør innom!**



### 75års jubileumsskrift for Blomvåg kyrkje

Fellesrådet ønskjer at det vert laga eit jubileumsskrift til neste år då kyrkja kan feira 75 år.

Egil Sæle har sagt seg villig til å gjera denne oppgåva og fellesrådet engasjerte han i sist møte til å utføra dette arbeidet.

### Vedlikehald av kyrkjene

Det er no gjennomført vedlikehald utvendig på begge dei "levande" kyrkjene. Dette er stort sett gjort av dei fast tilsette. Fellesrådet vil nytta høvet til å takka for stor innsats i dette arbeidet.

Det som står att er rehabilitering av Hjelme gamle kyrkje. Korleis denne saka står, kan du lesa meir om annan stad i bladet.

### Val på nye sokneråd hausten 2005

Valperioden til sokneråda følgjer Stortingsperioden. Det vert såleis val til hausten på følgjande datoar:

**Hjelme sokn: 9. oktober** etter gudstenesta

**Blomvåg sokn: 16. oktober** etter gudstenesta.

Arbeidet i nominasjonsnemndene er i full gang i begge sokn. Vi vil presentera kandidatar til soknerådsvalet i neste nummer av ØyNytt.

### Anbefalingar frå mini-bokhandelen

**Michel W. Smith: The second decade 1993-2003.** Ein Cd som fygjer den kristne artisten gjennom ein 10-års periode. Den inkluderer også ein dvd m/musikkvideo. Kjente songar som *Above all* og *Friends* er med her. For ungdom og unge vaksne.



# Konfirmantar 2005

Konfirmantar  
Blomvåg 7. mai.



Konfirmantar  
Blomvåg 8. mai.

Konfirmantar  
Hjelme 8. mai.



## Heisann alle dere!!!

Nå nærmer sommeren seg, og slutten for årets team i Øygarden. Det er egentlig ganske trist, fordi vi har hatt det så gøy med dere her! Men vi gir oss ikke helt. På første Ichtys til høsten kommer vi sammen med det nye teamet. Vi vil fremdeles stikke innom.

Det har vært kjempegøy å vært på Ichtys, KRIK, Øygarden Gospel, Nautnes ungd.klubb og på konfe-opplegget! Og leirene på Skjergardsheimen tok helt av! Overnatningspartiene og bibelgruppene var noen av høydepunktene.

Tusen takk for et kjempeflott år! Så må dere fortsette å være like snille med neste års team som med oss! Vi snakkes...

Og ikke glem det viktigste:

**SÅ STERKE SOM SMÅ!!**

La de små barn komme til meg, og hindre dem ikke! For Guds rike hører slike til. Mark 10.14

Tenk så utrolig! Vi er Guds barn og han er vår far!

Den som gjør seg selv liten som dette barnet, han er den største i himmelriket! Matt 18.4

Det er når vi er svake i oss selv og har tro på at Gud i himmelen at han skal gripe inn at vi blir sterke! Stol på han!



*Teamet: Carl Erik Waaler, Svein Brede Mella, Annette Espelid og Ingeborg Lid*



*Grillkveld på Ichtys laurdag 21. mai. Stor stemning!*

## Opne dører

I preika på avskilsgudstenesta i Blomvåg kyrkje søndag 29. mai hadde eg med meg ei dør, som eg har hatt før i preiker. Eg ville minna meg sjølv og folket i kyrkja om alle menneska bak alle dørene i Øygarden, dei som ventar på at nokon kjem og bankar på deira dør. Eller det kan vera ei dør ut til dei som ikkje har høyrd evangeliet, i Mali, Aserbajdsjan, Kenya og andre stader. Og det kan vera døra inn til nye oppgåver og ufordringar. Eller hjartedøra som Herren bankar på, han som vil inn og halda måltid.



*Under avskilsgudstenesta overrekte leiar i Fellestrådet, Gustav Landro eit bilete av Greta Rimington, som ein gåve frå kyrkjelydane.*

Gjennom dei seks åra eg var prest i Øygarden lærte eg mykje, både om meg sjølv og andre. Vonlegvis er eg meir audmjuk no, i møte med menneske og deira val, enn eg var som fersk prest. I dag veit eg at ikkje alle spørsmål må stillast og ikkje alle trådar treng dragast i. Eg vil her nytta høve til å takka for alle dei gode samtalaneg har hatt, med menneske i sorg og med menneske i glede.

Som prest har eg prøvd å leva etter prinsippet om å ikkje setja i gang aktivitetar som var avhengig av meg som person, slik at ingen kunne eller ville driva vidare om eg vart sjuk, slutta eller liknande. På den andre sida har eg visst at nokon av og til må vera viljug å gå framføre og visa at ting er liv laga, før andre kan overta. I spenninga mellom desse to prinsippa har eg levd. Av og til lukkast det å leva i spenninga, og av og til ikkje. Eg takkar for rom til å prøva ut nye ting, både frå dei eg har vore tilsett saman med og frå råda over oss.

Eg har opplevd at folket i Øygarden har stilt opp når eg har spurt om hjelp til ulike oppgåver, anten det har vore å stilla opp til ei nemnd eller ta del på ei gudsteneste. Dette har eg gledd meg over. Avgrensingane har ikkje vore manglande menneske, men heller mi manglande evne til å spørja dei rette menneska til dei rette oppgåvene.

På avskilsgudstenesta fekk eg gåver, blommar og helsingar frå Jubelkoret, frå fellestråd og sokneråda. Eg takkar for gåver og gode ord og for tida som prest i kyrkjelydane. Familien min og eg vil framleis bu her. Lukke til vidare! Må Herren signa kyrkjelydane våre vidare. Han vil opna dei rette dørene.

*Lars Arne Vik*





Stappfullt bedehus!  
Aktivitatar og andakt! Sang og leikar! Bollar og gele!...Lista kunne strekt seg langt! Det var barnearbeidaren vår, Kari Skår, som arrangerte dette saman med søndagsskulane på Hellesøy / Sæle og Tjeldstø. Første kvelden vart me gledeleg overraska over at det kom over 40 born. Dei to neste kveldane steig talet til over 70. I tillegg var det mellom 10 og 20 foreldre med kvar kveld. Utruleg gøy å få slik respons!



Heldigvis hadde Kari kjøpt inn i mengdevis til hobbyaktiviteten denne første kvelden. På kjøkkenet hadde Bodil Martinussen full kontroll over bollar og saft og alt som skulle til. Ja, t.o.m. kaffi til dei vaksne mangla det ikkje på.

Tirsdag var det klart for "Misjonstivoli". I tillegg til samlinga i starten hadde me mange forskjellige postar med premiar. Det var fiskedam, bowling, musehol-kule-trilling, og mykje meir. Alt gjekk veldig fint, og borna var knallflinke å stå i kø!

Torsdag: Klart for "Allemanns-gebursdagsbesøk". Rett innom døra fekk alle bursdagshattane på, og jammen fekk me plass til alle denne kvelden òg. Dette var kjekt. Me traff kvarandre fleire gonger same veka, og hadde noko felles. Akkurat dette gjer ei slik veke spesiell.

Takk til alle som hjelpte til, og til alle foreldre som fekk streng beskjed om å køyra til Nautnes.

Ta med sangen som 70 born sang så taket held på å letta:

*Sammen med Jesus kan  
jeg synge og le!*

*Sammen med Jesus kan jeg gråte og be!  
Sammen med Jesus kan jeg være meg selv,  
fra morgen like til kveld.*

*Sammen med Jesus kan jeg si det jeg vil!  
Sammen med Jesus kan jeg tie helt still!  
Sammen med Jesus, det er noe jeg alltid vil.*

*Han er glad i meg, derfor synger jeg!  
Jeg vil tilhøre Ham!  
Jeg vil tilhøre Ham!*



# Støtt våre annonsører. Dei støttar oss

## Flåten & Sæle TRADING

Bjørkeved	Plantejord
Spon (strø) for kompostering	Jordforbedring
Og for fjøsdrift	Dekkbark
Tørrhøy	Prydbark
Kunngjødsel for eng	Plenkrutt
Kalksaltpeter	Gjødsel for plen og bedd

Vi holder til på Hvalstasjonen i Blomvåg  
Ved større kjøp kan varene leveres fritt.  
Ta kontakt pr tlf. 56 38 93 05 eller kom innom  
Flåten 93 23 23 40 - Sæle 93 23 23 48

## Ring og be om Norgeshuskatalogen!

Telefon 56 38 28 00

  
**BHAS BYGG**

Pålneset, 5337 Rong



Kaffeavtale  
2005



**BLOM  
SERVICESENTER AS**

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80  
**Godkjent bilverksted**

## Hørselkontroll

Hørselkontroll er eit tilbod til eldre og uføre som ynskjer hørselmåling og/ eller utprøving av høyreapparat, eller som vil ha kontroll av det høyreapparatet som dei alt har. Ta kontakt med Øygarden kommune, Eleri Mai Oen Fossem, 56 38 23 54 mån - fre 0900-1400 for nærare informasjon.



## Solstrands Begravelsesbyrå



Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen

Telefon 55 55 16 16 hele døgnet

E-post: post@solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

## Inderøy Taxi & Transport

1 - 11 passasjerer

Rullestol

Telefon: 56 38 77 73  
Mobil: 90 59 90 59

## BERGEN OG OMEGN BEGRAVELSESHJELP

Teatergt. 20, 5010 Bergen

Tlf. 55 21 44 50

Mobil 917 51 700

- DØGNVAKT
- PARKERING
- BLOMSTER
- MONUMENTER

Vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv.



K.H. Polden  
Tlf. 56 33 45 88



Tom Wilson  
Tlf. 55 18 50 80



## Rossnes Taxi

Magne Ingvald Rossnes.

Tinging av turar på  
tlf: 56 38 91 91/ 951 12 634

Støtt våre annonsører. Dei støttar oss

## GUDSTENESTER

- Sønd. 12. juni** Blomvåg kyrkje kl. 11:00 Høgmesse v/ Svenn Martinsen.  
Offer til Åpne dører. Dåp. Nattverd
- Sønd. 19. juni** Hjelm kyrkje kl. 11:00 Høgmesse v/ Svenn Martinsen.  
Offer til Kyrkjelydsarbeidet. Dåp. Nattverd
- Sønd. 26. juni** Blomvåg kyrkje kl. 11:00 Høgmesse v/ Otto Høvik.  
Offer til Kyrkjelydsarbeidet. Nattverd.
- Sønd. 03. juli** Hjelm kyrkje kl. 11:00 Høgmesse v/Svenn Martinsen.  
Offer til For Bibel og Bekjennelse. Nattverd.
- Sønd. 10. juli** Blomvåg kyrkje kl. 11:00 Høgmesse v/Svenn Martinsen.  
Offer til Norsk Gideon. Nattverd.
- Sønd. 17. juli** Hjelm kyrkje kl. 11:00 Høgmesse v/Svenn Martinsen.  
Offer til Åpne dører. Nattverd
- Sønd. 24. juli** Messefall. Viser til Fjell
- Sønd. 31. juli** Messefall. Viser til Fjell
- Sønd. 07. aug.** Blomvåg kyrkje kl. 11:00 Høgmesse v/Otto Høvik.  
Offer til Norsk Luthersk Misjonsamband. Dåp. Nattverd.
- Sønd. 14. aug.** Hjelm kyrkje kl. 11:00 Høgmesse v/Otto Høvik.  
Offer til Evangeliesenteret. nattverd
- Sønd. 21. aug.** Blomvåg kyrkje kl. 11:00 Høgmesse v/vikar.  
Offer til Kyrkjelydsarbeidet. Nattverd.
- Sønd. 28. aug.** Hjelm kyrkje kl. 11:00 Jubileumsgudsteneste for  
50-årskonfirmantar v/ Svenn Martinsen.  
Offer til Norsk Luthersk Misjonssamband. Nattverd.
- Sønd. 04. sept.** Blomvåg kyrkje kl. 12:00 Familegudsteneste v/ Svenn  
Martinsen Søndagsskulens dag. Søndagsskulane tek del.Offer til  
Bergen søndagsskulekrets.

## KYRKJELEGE HANDLINGAR

### Døyppte Blomvåg:

Kine Garbo, Rong  
Naomi Zenobia Rong Weeks, Dalekletten  
Alida Sølsnes-Hagenes, Knappen  
Alexander Misje Steinstrø, Rong (Øystese kyrkje)  
Bertine Blom, Blom  
Jonas Helle Blom, Rong  
Aleksander Rørvik, Knappen (Vigra kyrkje)  
Ariane Marstein Nipius, Rong (Torrevieja, Spania)

### Døyppte Hjelm:

Michael Johan Kjøne Kregnes, Rong  
Marius Bakken, Tjeldstø  
Nadin Harkestad, Hellesøy  
Solveig Børve Skjold, Skjold  
Henrik Hatløy Øverås, Torsvik

### Døde Blomvåg:

Olav Næs, Torsvik  
Elna Johanne Breivik, Breivik  
Jonas Bertin Toft, Toft

### Døde Hjelm:

Kurt M. Kristiansen, Bergen  
Olav Nakken, Skjold  
Solveig Gjesholm, Alvheim

## TIL LUKKE

### 70ÅR:

11. juni John Otto Dale, Dale  
21. juni Oddlaug Hellesund, Hellesøy  
26. juni Kirsten Judit Sæle, Søre Sæle  
18. august Arne Sigmund Ulvolden, Bakken  
22. august Reidar Birger Rong, Austemarka  
24. august Anna Rong, Rong

### 75 ÅR:

26. juni Magne Sture, Hernar  
08. juli Ragnhild Signe Hellesøy Rong, Rong  
08. juli Signe Ingrid Sæle, Søre Sæle  
19. juli Bjørg Alvheim, Alvheim  
23. juli Anny Nygård Sture, Sture  
23. juli Ingeborg Marie Kårbø, Dale  
28. juli Margrete Mathilde Torsvik, Rong  
03. september Osvald Alf T. Torsvik, Torsvik

### 80 ÅR:

14. juli Marie Martina Hellesund, Hellesund  
25. juli Marie Johanne Hellesøy, Hellesøy  
29. juli Valborg Herdlevær, Herdlevær  
04. august Borgny Oline Torsvik, Torsvik  
05. august Ivar Gerhard Dale, Dale  
05. august Magnus Oen, Oen  
07. august Ovidia Konstanse Toftevåg, Rossnes  
16. august Johan Halvorsen. N. Sæle

### 85 ÅR:

19. juni Bernt Martin Tjong, Nordvik  
26. juli Malvin Paul Oen, Oen  
01. august Helena Torsvik, Vik

### 90 ÅR:

11. august Maria Sæle, Ternholmbakkane Rong

### 95 ÅR:

21. august Jenny Rossnes, Tjødnarvegen Rong

### Konfirmasjonsdagar i Øygarden 2006

Laurdag 29.april	Blomvåg kl. 12:00
Søndag 30.april	Blomvåg kl. 12:00
Laurdag 6.mai	Blomvåg kl. 11:00
Laurdag 6.mai	Hjelm kl. 13:00
Søndag 7.mai	Blomvåg kl. 12:00

### TAKK

Hjartans takk til alle som fylgde min gode mann og vår snille far, Jonas M. Toft, til grava. Takk og for blommar og helsingar.  
Helsing Berta og barna m/fam.

## KAFFEKROKEN



© Hans Johan Sogrusten

0410

# Misjonærvigse for Jan og Elisabeth Sanden

Tekst og Foto Odd N. Thormodsæter



*Innviingshelsing frå  
Internasjonale leiar i  
Normisjon, Arnt Jerpstad*

Søndag 22. mai var det misjonærvigse for familien Sanden i Hjelme kyrkje. Saman med barna, Ester Kristine og Hild Elida, vart dei lagt i Guds hender gjennom forbøn og handspålegging. Misjonærvener frå både fjern og nær fylte kyrkja. Frå Normisjon sentralt kom Internasjonale leiar Arnt Jerpstad, som føretok den høgtidelege innviinga. I helsinga til dei vordane misjonæranemnte han m.a. både faglege og personlege utfordringar dei ville stå overfor i åra som kjem. Det er ein lang førebuingssfasen før ein kjem ut som misjonær. Misjonærparet har enno eit stykke att, men dei har til no gått inn i førebuingssfasen på ein skikkeleg og seriøs måte.

I helsingstalen sin understreka Jerpstad m.a. at det er Gud som kallar til teneste. Vi er hans reiskap. Alt vil ikkje gå på skinner, men tryggleiken er at Gud er med. Han siterte frå Romarane 8: *Vi veit at alle ting tener dei til det gode som elsker Gud, dei han etter sin frie vilje har kalla.*

Forbønshandlinga vart utført av Svenn Martinsen, Arnt Jerpstad, Annlaug Børve og Harald Rød.

Etter gudstenesta vart det invitert til kyrkjemiddag, kaffi og kaker. Mange nytta seg av tilbodet og fekk ta del i helsingar og lukkeønskingar for misjonærparet.

I offer kom det inn over 10.000 kr til Normisjon. Til middagen som var sponsa av Skjergardsheimen, kom det inn gåver på til saman 6000 kr.



*Jan Sanden helsar kyrkjelyden*



*Mens vi ventar på middagen. Bodil Martinussen saman med Ingeborg, Miriam og Jeanette.*



*Forbønshandlinga vart utført av Svenn Martinsen, Arnt Jerpstad, Annlaug Børve og Harald Rød.*



*Endeleg var det kyrkjemiddag både for små og store.*